

Høyringsinstanser jfr. vedlagd liste

Dykkar ref:

Vår ref:

2016/2137 - 12273/2018

Sakshandsamar:

Reidun Mjør 97077337

Dato:

09.04.2018

Høyringsbrev utviklingsplan Helse Fonna

Som del av iverksettinga av Nasjonal helse- og sjukehusplan, Meld.St 11 (2015-2016), skal alle helseføretak utarbeide utviklingsplanar. Planen skal gje overordna føringar for korleis føretaket skal utvikle verksemda si for å møte framtidige behov for helsetenester. Føremålet er å legge til rette for god og framtidsretta pasientbehandling og god bruk av ressursar for å skape pasienten si helseteneste.

Utviklingsplan for Helse Fonna HF er utarbeida med utgangspunkt i den nasjonale rettleiaren for utviklingsplanarbeidet samt Helse Vest HF sine regionale føringar for kva som skal inngå i planarbeidet. Arbeidet med utviklingsplan har vore orienteringssak i styret i Helse Fonna fleire gonger, seinast i møte 04.04.2018. Endeleg plan skal behandlast i styret i Helse Fonna 21. juni 2018.

Utviklingsplan for Helse Fonna blir med dette sendt på høyring. [Rapporten er å finne på nettsida til Helse Fonna](#)

Proessen i Helse Fonna

Styret i Helse Fonna vedtok mandat for arbeidet med utviklingsplan i møte 29. september 2017. Arbeidet har vore prosjektorganisert med adm.dir som prosjekteigar. Ved prosjektstart blei det utarbeidd ein kommunikasjonsplan, og det har i prosessen blitt lagt vekt på å involvere både interne og eksterne interessantar. Representantar for pasientar, kommunar, fagmiljø, tillitsvalde, verneombod samt føretaksleiinga har delteke i arbeidet gjennom prosjektgruppe, styringsgruppe og dialogmøter.

Høyringsfrist

Dette er ei elektronisk høyring og innspel må sendast til: hoyring@helse-fonna.no innan 18. mai 2018. Høyringsinnspel vil fortløpande bli publiserte på Helse Fonna sine nettsider.

Venleg helsing

Olav Klausen
adm.dir Helse Fonna HF

Høyringsinstansar:

Brukarutvalet i Helse Fonna
Ungdomsrådet i Helse Fonna

Kommunane i Helse Fonna

Hordaland fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune

Helse Bergen HF
Helse Stavanger HF
Helse Førde HF

Helse Vest IKT AS
Sjukehusapoteka Vest HF